



Haustetidsvurderingar veke 37

Måndag 18. september vart det tatt prøver av Gravenstein, Aroma og Eden. Summerred er no under hausting, og det vert difor ikkje tatt fleire prøver av denne sorten.

Det ser ut til at utviklinga på Aroma går fort framover og kan nærme seg hausteklar fleire stader utover denne veka. Eden er no rekna som hausteklar og ein kan starte på første runde med hausting denne veka. Nedst kan ein lese om glasing i Eden.

Hugs på at er dei best utvikla epla i hagane haustetidsprøvane er frå. Difor er det viktig at ein plukkar i fleire omgangar når haustinga startar og at ein berre plukkar epla som er hausteklare. Dette for å halde god og jamn kvalitet på frukta som vert sendt til mottaket og vidare ut i marknaden.

Aroma

Optimalverdiar ved hausting

Grunnfarge: C3

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 6-8 kg/cm²

Sukkerinnhald: Min 11,2

Stiveinnhald: 4-6

Streif-index: 0,09-0,2

Dyrkar	K.O Loen	K. Kleppe	M. Andenes
Stad	Loen	Innvik	Sandane
Prøve nr	1	2	3
Dato	18.09.23	18.09.23	18.09.23
Sort/Klon	Raud Aroma Fagravoll	Raud Aroma Fagravoll	Raud Aroma Ylvisåker
Fruktvekt g	160,6	187,1	184,7
Grunnfarge	C2	C2-C3	C2-C3
Fastleik	6,6	6,25	7
Sukker	9,82	11,11	10,63
Stive	4,1	4,25	4,3
Streif	0,16	0,13	0,15

Det er litt ujamnt i nokre felt, og det er litt att på grunnfargen når ein ser på gjennomsnittet, og det er litt att på stiva i fleire av prøvene, men ein ser at fleire av epla har kome langt i utviklinga og at ein ligg innanfor optimalverdiane i snitt. Aroma er hausteklar utover denne veka og over mot helga i tidelege felt, då fastleiken ligg såpass lågt. Her er det viktig å plukke i fleire omgangar og byrje på dei mest utvikla epla.



Norsk Landbruksrådgiving

Vest

Følg med i eigen hage. Seinare hagar kan truleg starte haustinga utover neste veke og over mot neste helg.

Det vert tatt nye prøvar av Aroma 25. september



1. Loen



Grunnfargen ligg no kring C2-C3, og har fått godt utvikla dekkfarge.

3. Sandane

(Aroma Ylvisåker)



Stiven ligg no innanfor eller nærmere optimalverdiane ved hausting



Norsk Landbruksrådgiving

Vest

Gravenstein

Optimalverdiar ved hausting

Grunnfarge: C3-C4

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 7-8 kg/cm²

Sukkerinnhald: Min 10,8 %

Stiveinnhald: 5-7

Streif-index: 0,08-0,16

Dyrkar	K O Loen		O.R. Lyslo	
Stad	Loen		Innvik	
Prøve nr	1		2	
Dato	11.09.23	18.09.23	11.09.23	18.09.23
Fruktvekt g	194,7	216	221,6	184,3
Grunnfarge	C2-C3	C3-C4	C2-C3	C3-C4
Fastleik	8,2	7,86	7,8	7
Sukker	9,56	12,14	11,43	12,39
Stive	2,7	5,3	2,7	4,6
Streif	0,31	0,12	0,25	0,12

Det har vore ei god utvikling siste veka på Gravenstein og sorten er no hausteklar i tidlege felt. Seinare felt kan nok vente til utover veka over mot helga.



Grunnfargen er no komt innanfor C3-C4 og dekkfargen har fått ein godt utvikla raudfarge

1. Loen



Stivenedbrytinga har gått fint framover og er no innanfor optimalverdiane.



Eden

Optimalverdiane ved hausting:

Grunnfarge: C4

Fastleik: minimum 6 kg/cm²

Sukkerinnhald: 11,0%

Stiveinnhald: ca 6

Dyrkar	O.R. Lyslo	
Stad	Innvik	
Prøve nr	1	
Dato	11.09.23	18.09.23
Fruktvekt g	175,7	184,9
Grunnfarge	C1/C3	C3-C4
Fastleik	10,56	11,1
Sukker	10,42	11,95
Stive	Ca. 4	5,65
Streif	0,25	0,16

Utviklinga er noko ujamn, men Eden er no innanfor på store delar av prøvene denne veka og er no hausteklar i tidelege felt. Det viktige er at frukta har minst grunnfarge C4 ved hausting. Haust difor i fleire omgangar, 2. hausterunde kan ein då ta kring ei veke etter første.



18. september

Grunnfargen er blitt
gulare og dekkfargen er
mykje raudare frå sist
veke.



11. september



Stiva ligg no i snitt kring 5-6, eple nr.1 har som ein ser kome mykje lenger.




Glasing i Eden (Frå fruktmelding nr. 24, 15. september)

Både me i NLR og NIBIO finn ein del glasing i Eden, men graden av glasing er varierande. Glasing skuldast at frukta mottek meir fotosynteseprodukt (sukker) enn den klarar å byggja inn i cellene (Særleg dersom ein får varmt ver siste tida fram mot hausting, og/eller det er lite frukt på trea. Sjå førrre melding), men i nokon sortar kan det også vera ein samanheng med modningsgrad (Meir glasing i meir modne eple.). Ofte er det vanskeleg å skilja årsakene.

Om det er noko glasing i epla ved hausting treng det ikkje vera eit stort problem. NIBIO har ein skala frå 1-5 for glasing (Sjå illustrasjon), og glasing på nivå 1-3 vil som regel forsvinna på lager. Fruklagera vil i år ta ut prøvar av frukta som kjem inn for å vurdera tilstanden før epla vert pakka.

Eden watercore 1-5 scale



Skala for glasing i Eden (Kjelde: Emily Follett, NIBIO)

For å unngå at du leverer eple med mykje glasing **bør tre med lite avling haustast separat**, særleg dersom ein også ser symptom på opphoping av fotosynteseprodukt på bladverket (Raude bladnervoer og ljose parti på blada, særleg i enden på skota.). **Eple som vert hausta litt seint og eigentleg har kome litt for langt i utviklinga bør også haustast separat.**

Eple frå slike tre vil vera meir utsette for glasing. Ta også ut ein representativ prøve på 10 eple frå kvar parti, og skjer gjennom epla for å sjekka kor mykje og ikkje minst kor alvorleg glasing som finst. **Glasing på lågt nivå vil som regel forsvinna på lager.**